



Robert Johnsen
Stornesvika 11
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1782 - 14/14283

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2014

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 123/96 Risa

Tiltakshavar: Robert Johnsen
Grunneigar: Robert Johnsen

Det vert vist til kommunen sitt brev av 16.10.2013 med førespurnad om utgreiing om mogleg ulovleg tilhøve, samt dykkar tilsvar av 05.11.2013, der det vart vist til at søknad vart sendt inn innan 01.02.2014. I vårt brev datert 12.11.2013 vart det gjeve utsett frist til 01.02.2014 for å sende inn komplett søknad om tiltak. Lindås kommune kan ikkje sjå å ha motteke søknad om tiltak på dykkar eigedom.

Kommunen legg til grunn at det er oppført garasje med altan mot vest på eigdommen, endra utforming på bustaden i 1. etasje i høve til det som vart byggemeldt og godkjent i 1985, samt at det er etablert avkjørsel mot aust til den kommunale vegen Risøyvegen på gbnr. 123/96, utan at det ligg føre søknad om løyve til tiltak. Det vert vist til foto og teikningar i vårt brev datert 16.10.2013, vedlagt dette brevet.

Det er også meldt frå nabo at det vert drive næringsverksemd på eigdommen, i form av vekstad. Bruk av ein bustadeigedom til næring er ein søknadspliktig bruksendring etter plan- og bygningslova og er i strid med arealføremålet i gjeldande reguleringsplan.

Føresegner om søknadsplikt følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-2, jf. byggesaksforskrifta (SAK) kap. 4. Etablering av avkjørsel til kommuna veg krev også eiga løyve etter veglova.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 31.08.2014**.

Retting må skje ved at garasje/altan vert rive, bustaden vert ført tilbake i samsvar med byggemeldte teikningar frå 1985 og avkjørsel mot aust må stengast permanent. All bruk av eigdommen i strid med bustadføremål må opphøyra med øyeblikkeleg verknad.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Kommunen må få skriftleg underretting når tiltaka er retta/ ført tilbake til godkjent stand og bruken er stogga. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan gitt frist.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verte avslutta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel. Vedtak om tvangsmulkt kan skje anten som eingangsmulkt og/eller som dagmulkt.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. **Uttale må vera sendt innan 03.07.2014.**

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1782

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Førespurnad om mogeleg ulovleg tiltak - gbnr 12396 Risa (L)(24676)

Ulovlighetsoppfølging på eigedom - gbnr 123/96 Risa

Vedk tiltak på eigdommen - gbnr 123/96 Risa

Vedlegg:**Kopi til:**

Help Forsikring AS

Postboks 1870
Vika

0124

OSLO

Reidar Krossøy

Stornesvika 9

5955

LINDÅS

Mottakrar:

Robert Johnsen

Stornesvika 11

5955

LINDÅS